



Nissedal kommune

Rådmann

NVE
postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Att.: Kristine Naas

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2013/1564-7	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	S11	11.06.2014

Fråsegn frå Nissedal kommune på søknad om løyve til Klovfoss og Støydalen kraftverk i Nissedal kommune etter sluttbefaring

Syner til søknad frå Skagerak Energi om løyve til Klovfoss og Støydalen kraftverk, vår fråsegn av den 12.12.2003 og sluttbefaring den 4. juni d.m.

Nissedal kommune ynskjer å gje følgjande tilleggsfråsegn etter sluttbefaringa:

- Vurderar det slik at denne utbygginga ikkje påverkar spesielt verneverdig miljø eller mykje bruka friluftsområde.
- Arbeidet med å legge røygata bør bli gjort slik at dei synlege inngrepa blir minst mogleg både i anleggstida og etter at arbeidet er ferdig.
- Vurderar det slik at i dette området vil ein liten auke i minstevassføring ikkje bety stort. Restvassføringa er såpass stor at den betyr meir for miljøet i åi.
- Konsekvensar og påverknad på miljøet vurderer kommunen som liten. Også for friluftslivet vil det bety lite fordi det normalt er liten vassføring i den årstida dei fleste brukar området.
- Tiltaket vil vere positivt for kommunen med nye inntekter frå eigedomsskatt
- Tiltaket vil vere gunstig for lokalsamfunnet på Fjone. Rådmannen vurderer at ein slik type aktivitet skapar ringverknader som er positive for lokalsamfunnet som ein heilskap
- Lokale entreprenørar vil kunne nytte godt av aktiviteten i anleggsperioden.

Med helsing

Sverre Sæter
Rådmann